

2-ÅRSPLAN

Frå hausten 2014 til
sommaren 2016



Leiknes

Innhold:

- 1. Innleiing**
- 2. Barnehagelova**
- 3. Rammeplanen**
- 4. Oversikt over andre styringsdokument**
- 5. Verdigrunnlag FUS**
- 6. Barnehagen sine satsingsområde og overordna mål**
- 7. Barn sin medverknad**
- 8. Omsorg, leik, læring og danning**
- 9. Inkludering / likeverd**
- 10. Likestilling**
- 11. Barnehagen som kulturarena**
- 12. Fagområda**
- 13. Planlegging, dokumentasjon og vurdering**
- 14. Samarbeid**
- 15. Overgang barnehage – skule**
- 16. Kompetanseplan for personalet**
- 17. Prosjekt**
- 18. Lokale kulturelle hendingar**

Årsplanen du no les i er ein 2-årsplan. Han strekk seg frå hausten 2014 og fram til sommaren 2016. På det viset søker me å sjå samanhengar over tid. Å vere langsiktige set oss betre i stand til å nå måla me har satt oss.

Planen vil såleis bli vurdert med 2-års intervall. Første evaluering vert våren 2016.

I fortsettinga refererer med til planen som *årsplan*.

Planen er dels på bokmål og dels på nynorsk. Årsaka er at me har tilsette som nyttar det skriftspråket som fell dei nærast. Me har valgt å la dette spegle seg i det du les.



2-åring kikkar gjennom kaleidoskop.

Innleiing

Alle barnehagar skal ha ein årsplan. Årsplanen har fleire funksjonar:

- ✚ Arbeidsreiskap for barnehagen sitt personale for å styre verksemda i ein medviten og uttalt retning.
- ✚ Utgangspunkt for foreldre sin moglegheit til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- ✚ Grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.
- ✚ Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, politikarar, kommunen, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interessentar.

Me ynskjer at planen skal ha god forankring. Difor legg me opp til ein prosess kor alle tilsette og foreldra kan ta del i utforminga av innhaldet. Slik vert planen ein viktig reiskap i kvardagen, og ikkje berre ein skrivebordsplan.

1. Barnehagelova

Lov om barnehage (barnehagelova) er lovgrunnlaget barnehagen bygger drifta si på.

2. Rammeplanen

Rammeplan for barnehagar er ei *forskrift* til barnehagelova. Rammeplanen gjev barnehagen føringar for m.a. utarbeiding av årsplan. I tillegg sørgjer rammeplanen for å gje inspirasjon og rammer slik at barnehagar kan vere ulike/mangfaldige. Det sikrar at alle barn - uavhengig av kva barnehage dei går i – mottek sine rettar som barnehagebarn.

Barnehagelova sin formålsparagraf (§1) syner at:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og

naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Leiknes FUS barnehage skal ha dette som føremål med drifta. Føremålet med barnehagen kan nåast på ulike vis. Årsplanen viser korleis me vil søkje å gjere dette.

FN sin barnekonvensjon seier:

Barn har behov for spesiell beskyttelse, derfor har de sine egne rettigheter uttrykt i barnekonvensjonen. Den gir barna de samme grunnleggende rettigheter, uansett hvem de er og hvor de bor. Rettighetene er politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle og gjelder alle under 18 år, uavhengig av nasjonalitet, kjønn, sosial status, religion, kultur. Konvensjonen bygger på prinsippet om at barnets beste alltid skal komme først i alle situasjoner, over alt.

Det går ein raud tråd i frå FN sin barnekonvensjon – til barnehagelova – til rammeplanen – til årsplanen. Slik kan me sjå samanhengen mellom internasjonal politikk og dei lokale vala me gjer i kvardagen.



Oversikt over andre styringsdokument

I tillegg til nemnte lovverk/konvensjon og planar styrer barnehagen ved hjelp av:

- ✚ Vedtekter
- ✚ Serviceerklæringa for FUS barnehagane
- ✚ Ethiske retningslinjer for tilsette i FUS barnehagane
- ✚ Forskrift om miljøretta helsevern
- ✚ Progresjonsplan for fagområda i rammeplanen m.o.t. barna sin alder
- ✚ Månadsplanar

- ✚ Langsiktig kompetanseplan for personalet
- ✚ Lokale planar for den ein skilde barnehage; informasjonsfolder, prosjektplanar o.l.

3. Verdigrunnlag – FUS

FUS barnehagane har ein felles visjon:

***Sammen gir vi
barndommen
verdi;
lek og glede,
hverdagsmagi og
vennegaranti***

Visjonen er til for å vise oss retning. Me har arbeidd med å konkretisere og gje visjonen innhald og meining for oss i *vår* barnehage. Slik vert han meir enn

ord. Me skal vite kvifor me går på jobb – kvar me skal!

Den 1. august 2014 gjekk me over til å bli ein FUS barnehage. Det vart då viktig for oss å raskt fange kva FUS var og korleis bli ein god FUS barnehage. FUS står for *først* – det innber m.a. at me har mål om å bli den beste barnehagekjeda i landet. Lokalt i vår kommune er det viktig å vere leiande slik at foreldre, tilsette og andre set oss høgt. Det er difor avgjerande å finne ut kva andre synes om oss – serviceerklæringa vår vert det me lovar og ein viktig del av det du kan måle oss på.



FUS barnehagane har verdiar som skal hjelpe oss i retning av visjonen:

Glødande - Skapande - Tilstadeverande

Desse verdiane samlar oss i forhold til kva me vel som viktig å halde fast ved i kvardagen. Me kan såleis alltid finne eit utgangspunkt for korleis me skal plassere oss når dagane er hektiske. Står ein på god og kjent grunn (verdiar),

så har det
alt å seie i
forhold til
resten av
vala ein skal
gjere....

Den 11.
august
samla me
heile
personalet
for å ta fatt.
Skal ein
jobbe mot
ein visjon
og forankre
arbeidet sitt
på verdiord



må ein finne ut kva dette tyder for oss.

Visjonen peiker på at me gjer noko *saman*, at me saman sørger for at barn og andre opplever at barndommen har verdi. Me er ikkje i barnehagen berre fordi me etter det skal byrje på skulen, men fordi det å vere barn er viktig nok i seg sjølv.

Barndommen skal me saman fylle med glede gjennom leik.

Leik og glede peikar på at gjennom leiken kan barn glede seg over å få vere den beste utgåva av seg sjølv. Kjensla barn opplever i god leik er glede – dette er eit høgt mål i seg sjølv. Gjennom leiken når barn måla sine. Ikkje fordi dei må, men fordi dei har lyst. Leiken er eit mål i seg sjølv og det aller viktigaste som går føre seg i barnehagen.

Kvardagsmagien handlar for oss om dei små augneblinka. Me skal jobbe for dei viktige meistringsopplevingane som for somme er ein sjølvsgatt sak, men som for andre er ei oppleving utan sidestykke. Dette skal me dele. Vaksne som tenkjer etter vil fort oppleve at det for somme barn er lengre mellom dei magiske augneblinka enn det er for andre barn. Det kan me gjere noko me – me kan dele opplevingane, me kan trekke dei fram, me kan leite etter dei og me kan feire dei.

Venegaranti er barnehagen sin måte å vise at det å ha vener, det å vere kompetent til å skaffe og halde på vener – det er noko av det viktigaste barn skal lære i barnehagen. Barnehagen kan aldri love at dette vert innfridd, men visjonen er retninga me skal gå i – me har ein visjon om at alle skal kunne oppleve venskap.



4. Barnehagen sine satsingsområde og overordna mål.

Alle FUS barnehagane har 4 hovudmål som me skal søke å nå;

1. FUS barn har eit positivt sjølvbilete.
2. FUS barn er trygge og forskande, trivst i leik og har venekompetanse.
3. FUS barn gler seg til "resten av livet", dei veit at dei har påverknadsmoglegheit og at innspela deira tel.
4. FUS barn tenker tilbake på barnehagetida med glede og fryd.

I Leiknes FUS barnehage vil me søkje å nå desse måla ved hjelp av satsingsområda *språkutvikling* og *eigenleiing*. Eigenleiing vil vere førande for språkutviklingsarbeidet.

Eigenleiing

Eigenleiing er evna til å vere aktiv og sjølvstendig i ei oppgåve over tid. Omgrepet eigenleiing vert nytta som eit samleomgrep på overordna funksjonar i hjernen som set i gang, styrer og regulerer åtferda vår.

God eigenleiing er avgjerande for at eit barn skal fungere godt saman med andre barn og få utnytta eige potensiale og eigne ferdigheiter på best mogleg måte. Den positive følgja av sterke eigenleiingsfunksjonar kjem til syne i barnehagekvardagen gjennom barn som meistrar utfordringar, forstår sosiale situasjonar, i rimelig grad kan regulere sine kjenslemessige uttrykk, kan kommunisere godt, og har evne til å samarbeida. God eigenleiing betyr mykje når barnet forlet barnehagen og går over i skulen.

Eigenleiingsdugleikane har særleg stor innverknad på meistring av sosiale, språklege, motoriske og praktiske utfordringar som barnet står ovanfor i kvardagen. Spesielt ved meistring av relativt nye og ukjente utfordringar er eigenleiingsfaktorane viktige.

Utvikling av eigenleiingsfunksjonane skjer gradvis, og er samanfallande i tid med modning og vekst i dei fremre områda av hjernen (frontal korteks). På lik linje med dei fleste andre dugleikar skjer utviklinga av eigenleiingsferdigheiter i

eit nært og gjensidig samspel med foreldre, sysken og andre betydningsfulle nære personar i omgjevnadane - som t.d. personalet i barnehagen.

Gjennom å skape gode og nære relasjonar til kvart enkelt barn vil me kunne kjenne deira styrkar og utfordringar. På det viset kan me gje dei tilpassa utfordringar og aktivitetar. Dette ligg også til grunn i idèen om *tidleg innsats* – å kunne førebygge vanskar på seinare punkt i livet.

Me oppmuntrar og viser at det er rom for utprøving og feiling. Her kan den *proksimale utviklingssona* og *støttande stilas* trekkast fram.

Det handlar om å støtte barnet *litt* vidare, *litt* utanfor det aller tryggaste slik at ny meistring kan oppnåast. Den vaksne støttar heile vegen (stilas). Gjennom ord og

handlingar viser me at me er gode vaksenmodellar.

Satsinga vår på *språkutvikling* (sjå punkt seinare i planen) er eit høgst aktuelt verktøy i dette arbeidet – då i ein idèell kombinasjon med *rolleleik*.

Grunntanken er at *dei dugleikane ein gjev rett næring til, dei veks hjå barnet*.

Dei tilsette i barnehagen har saman med resten av FUS barnehagane eigenleing som hovudsatsing fram til 2017. Det skal vere ein vesentleg faktor i



arbeidet med å sette barn som går i ein FUS barnehage i ein best mogleg situasjon for å meistre resten av livet.

Språkutvikling

Hva er språkutvikling, og hvorfor skal vi drive med det?

En god språkutvikling er viktig for barna her og nå, men også på sikt. Språk er avgjørende for læring, sosiale relasjoner og vennskap. I temaheftet *Om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen*, blir det satt fokus på fem aktiviteter som er særlig fruktbare for språkutviklingen til barn: *Gode samtaler, rim, regler, dikt og sang, fortellinger og høytlesing, lek, og utforsking av skriftspråket*. Rammeplanen sier at tidlig og god språkstimulering er en viktig del av barnehagens innhold. Språket er personlig og identitetsdannende, og nært knyttet til følelser. Barn trenger å sette ord på opplevelsene, erfaringene og kunnskapene sine. Forskjellige typer lek krever ulik grad av verbalspråklig kommunikasjon. Flere av rollene i rollelek krever språklig kompetanse. Utdanningsdirektoratets veileder *Språk i barnehagen* sier at de voksne må legge til rette for at alle barn får bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for egne tanker og for å uttrykke egne meninger og følelser. Veilederen sier videre at arbeidet med språk skal være en integrert del av barnehagehverdagen, og et godt språkstimulerende miljø bærer preg av at personalet bruker språket i samspill med barna gjennom dagen. Selv om en bruker språket aktivt og bevisst i de ulike hverdagssituasjonene skal språkarbeidet være systematisk. Arbeidet skal være kunnskapsbasert, reflektert, planlagt, grunngitt, organisert og målrettet.



Veiledende plan for språkstimulering i Leiknes FUS barnehage

| Prosessmål | Tiltak - småbarnsavdeling | Tiltak - storbarnsavdeling |
|---|---|---|
| <p><i>Utvikle ordforråd og begrepsforståelse.</i></p> | <p>Rim og regler og eventyr/fortellinger/ bildebøker – fortelles ved hjelp av konkrete som for eksempel flanellograf.</p> <p>Visuelle sanger og bevegelsessanger</p> <p>Kim's lek</p> <p>Språkposer – med fokus</p> | <p>Rim og regler og eventyr/fortellinger/ høytlesning (med og uten bilder)</p> <p>Sanger med og uten visuell støtte</p> <p>Kim's lek</p> <p>Språkposer – med fokus på begreper og kategorisering.</p> |

| | | |
|---|--|---|
| | <p>på begreper og kategorisering.</p> <p>Bildelotto</p> <p>Sette navn på handlinger</p> | <p>Bildelotto</p> <p>Sette navn på handlinger</p> |
| <p><i>Erfare at språk kan være et redskap for tenking og som uttrykk for egne tanker og følelser.</i></p> | <p>Oppmuntre barna til å fortelle om egne opplevelser og erfaringer, både positive og negative.</p> | <p>Oppmuntre barna til å fortelle om egne opplevelser og erfaringer, både positive og negative.</p> |
| <p><i>Tilegne seg grammatisk forståelse</i></p> | <p>Spille lotto og memory, fokus på manglende lyd/uttale.</p> <p>De voksne må være gode språkmodeller og gjenta setninger og ord korrekt, uten å rette på barnet.</p> <p>Den voksne må ha gode modellsetninger; <i>Nå er det din tur å trekke..</i></p> <p>Rim og regler.</p> <p>Høytlesning og eventyr.</p> | <p>Spille lotto og memory, fokus på manglende lyd/uttale.</p> <p>De voksne må være gode språkmodeller og gjenta setninger og ord korrekt, uten å rette på barnet.</p> <p>Rim og regler. Oppmuntre barna til å leke med språket som for eksempel ved å lage "tullerim". (Hva rimer på sol? Pol!)</p> <p>Den voksne må ha gode modellsetninger. ("<i>Nå er det din tur å trekke..</i>")</p> <p>Språkutviklende samtaler, den voksne stiller åpne</p> |

| | | |
|---|--|--|
| | | <p>spørsmål, og er støttende stillas om det trengs.</p> <p>Høytlesning og eventyr.</p> |
| <p><i>Erfare turtaking og felles fokus.</i></p> | <p>Spille spill.</p> <p>Kim's lek.</p> <p>Strukturerte aktiviteter</p> <p>Samtaler i her og nå situasjoner (tilpasset alder og modning)</p> | <p>Spille spill.</p> <p>Kim's lek.</p> <p>Regelstyrte leker.</p> <p>Strukturerte aktiviteter</p> <p>Dialoger/samtaler (lytte – snakke)</p> |
| <p><i>Utvikle uttale</i></p> | <p>Være gode språkmodeller, gjenta korrekt uten å korrigere</p> <p>Rim og regler og sanger</p> <p>Spille lotto og memory (fokus på manglende lyd/uttale)</p> | <p>Være gode språkmodeller, gjenta korrekt uten å korrigere</p> <p>Rim og regler og sanger</p> <p>Spille lotto og memory (fokus på manglende lyd/uttale)</p> |
| <p><i>Forebygge lese- og skrivevansker</i></p> | | <p>Har fokus på lyd – bokstav</p> <p>Orddelingsoppgaver</p> |

| | | |
|--|--|---|
| | | Gi barna oppgaver der de kan skrive bokstaver/ord eller den voksne kan skrive det barna foreslår. Klappe stavelser |
| Tiltakene skal det jobbes med gjennom hele dagen, i strukturerte og ustrukturerte situasjoner, som samlingsstund, språkgrupper, førskolegrupper, aldersinndelte grupper, måltid, <u>lek</u> , tur og garderobesituasjoner. | | |

5. Barn sin medverknad

Barn sin medverknad er ein rett alle barn i barnehagen har (Lov om barnehage §3).

Medverknad kan forståast som å gjere noko saman som fører til noko; at ein er med på å påverke det som skjer, at ein kjenner at eiga deltaking bidreg til endring. Kvart barn har rett til å erfare at deira røyst vert teken på alvor og har verknad i fellesskapet (henta frå temaheftet om barn si medverknad). Å ha medverknad er meir enn berre å seie korleis ein vil ha det. For små barn kan det vere vanskeleg å uttrykke seg språkleg, her må dei vaksne i barnehagen vere merksame og fange opp ulike signal og uttrykk som viser korleis barnet har det, og kva det trivast best med. Dette krev gode relasjonar og nærleik mellom barn og vaksne, og anerkjennande vaksne som evnar å sjå verda frå eit barneperspektiv. Det er berre barna som veit korleis dei *eigentleg* har det – me må søkje å finne ut korleis barn ser på verda, og korleis dei ser på barnehagekvardagen sin.

Å ha medverknad på eigen barnehagekvardag og fellesskapen inneber at ein får moglegheit til å kjenne seg betydningsfull og anerkjend, og dette fører oss i retning av visjonen vår:

*Sammen gir vi barndommen verdi;
lek og glede,
hverdagsmagi og vennegaranti*

Meir informasjon om korleis me i barnehagen arbeider for å sikre at barna får medverknad vil komme i månadsskriva.

6. Omsorg, lek, læring og danning.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (barnehageloven, § 1)

Omsorg

Vi har som mål å se barna, gi de trøst, være tilstede, gi nærhet og lære omsorg videre til barna. Vi er opptatt av at den voksne som møter barnet gjør det på en omsorgsfull måte, og er glødende og tilstedeværende i tråd med våre FUS verdier.



Gjennom å utfordre barna til selv å vise hverandre omsorg i situasjoner der de ikke handler omsorgsfullt, lærer barna å ta ansvar for seg selv og sine handlinger, noe som danner grunnlaget for barnas utvikling av sosial kompetanse (rammeplanen). Omsorg er et mål, en handling og en relasjon, men har også verdi i seg selv.

Hvordan jobber barnehagen med omsorg?

- Vi tar godt i mot barna når de kommer til barnehagen.
- Alle barn blir tatt vare på på beste vis ved at vi voksne viser evne til å lytte og samspille med hvert enkelt barn og barnegruppen.

- Vi deler opp i mindre grupper for å sikre at vi imøtekommer alle barna på deres behov for bl.a omsorg.
- Ved at alle barn blir inkludert i barnegruppa.
- Ved at alle barn blir sett og hørt for den de er.
- I legge- og stellesituasjoner er den voksnes oppmerksomhet rettet mot ett barn. Det gir mulighet til å skape tettere bånd.

De siste årene har vi tatt del i den årlige markeringen av MOT til å glede-dagen. MOT til å glede-dagen er 22. november (2014). MOT til å glede-dagen har blitt en årlig begivenhet og handler om å skape og spre glede. I barnehagen markerer vi dette ved å ha *hjertevenn* som tema denne dagen. Gjennom temaet gir vi barna erfaring med å gi omsorg og ta vare på hverandre.

Lek

Lek skaper trivsel. I barnehagen har vi leker som er lett tilgjengelig, vi har ulike typer leker, og vi hjelper barna inn i lek når det er nødvendig. Leken er indremotivert – lystbetont. Ved å legge til rette for ulike typer lek og ved å være støttende stillas kan vi hjelpe barna til å finne den indre motivasjonen og lekelysten. Lek er viktig med tanke på utfoldelse, sosialt samspill, relasjonsbygging og kognitiv utvikling hos barn. Lek bidrar til relasjonsbygging på tvers av alder og språklige – og kulturelle ulikheter, og er slik en viktig del av barns læring. Leken spiller en viktig rolle i barnas dannelsingsprosess der de gjennom samspill med andre barn og voksne lærer. I leken kan det oppstå hverdagsmagi når vi har glødende, tilstedeværende og skapende voksne som evner å være med på leken og ta barnas perspektiv, for slik å føre leken videre. Vi leker med barna inne og vi leker med barna ute!.

Hvordan vil barnehagen jobbe med lek?

- Vi skal være glødende, skapende og tilstedeværende voksne.
- Vi skal skjerme barn som leker fra forstyrrelser som kan ødelegge leken.
- Vi legger til rette for mye frilek.

- Vi vektlegger ulike former for lek hvor særlig *rollelek* er vesentlig.
- Vi sørger for godt og tilgjengelig lekeutstyr.
- Vi følger opp barn i lek gjennom observasjon og vurdering.

Læring

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. (Barnehageloven §1)

Det er i de daglige situasjonene at barna lærer å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Gjennom lek i strukturerte og ustrukturerte situasjoner får barna erfaring med sosialt samspill og det å bygge relasjoner - på ulike arenaer.

Vennskap og tilrettelegging for gode relasjoner i barnehagen er en forutsetning for god læring og en opplevelse av glede og mestring (Rammeplanen).

Ved å legge til rette for et trygt og utforskende læringsmiljø, og ved å legge opp til læringssituasjoner der barn og voksne kan undre seg sammen, oppfordrer vi barna til å oppsøke ulike læringssituasjoner. Slik legger vi grunnlaget for og støtter oppunder barnas livslange læring. Dette er også i tråd med våre verdier om å være skapende voksne.

Hvordan vil vi jobbe med læring?

- Barn blir møtt med tilpassede krav og forventninger.
- Fokus på barnas mestring.
- Inndeling i mindre grupper ut fra barnas forutsetninger.
- Egenledelse og språk som satsingsområder.
- Veileder barna i her-og-nå situasjoner og er støttende stillas for deres videre læring.
- Oppfordrer barna til undring i strukturerte og ustrukturerte situasjoner.

- Har fokus på å være glødende, tilstedeværende og skapende voksne som evner å ta barnas perspektiv og øser av sin kunnskap.

Danning

Danning er en livslang prosess som blant annet handler om å utvikle evne til å reflektere over egne handlinger og væremåter. Danning skjer i samspill med omgivelsene og med andre og er en forutsetning for meningsdanning, kritikk og demokrati. (rammeplanen)

Danning omfatter utvikling, læring, omsorg, oppdragelse og sosialisering. Barnehagen er for mange første *stoppested* på livets reise. Vi skal derfor legge til rette for gode dannelsingsprosesser som gjør barna i stand til å håndtere ulike situasjoner i barnehagen, men også det som måtte komme i årene etter. Danning læres gjennom gjensidige samhandlingsprosesser hvor barna får utvikle evnen til å reflektere over egne handlinger og væremåter. De får også erfaring med å være en verdifull del av et fellesskap, et demokrati. Danning bidrar til allsidig utvikling.

Hvordan vil barnehagen jobbe med danning?

- Ved å akseptere at barndommen har egenverdi.
- Ved å oppfordre barna til å være prøvende og nysgjerrige.
- Ved å gi barna omsorg og nærhet, og lage rom for at de selv får prøve det ut.
- Ved å ha bred kunnskap om lek og dens betydning for barns utvikling.
- Ved å legge til rette for strukturert og ustrukturert lek gjennom hele dagen.
- Danne lekegrupper på grunnlag av barnas individuelle forutsetninger for samhandling.
- Ved å være lydhøre voksne med vilje til samspill med barna.
- Gjennom året jobbe med ulike tema som har relevans for barnas dannelsings-, utviklings- og læringsprosessarm meg selv, PLAN-Norge, fagområdene, likestilling, medvirkning gjennom barnas valgdag.

7. Inkludering / likeverd

Rammeplanen seier at *personalet har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn får oppleve at de selv og alle i gruppen er betydningsfulle personer for fellesskapet. Barnehagen skal være ett miljø hvor ulike individer og ulike kulturelle ytringer møtes i respekt for det som er forskjellig.*

Barnehagens dagligliv skal preges av samvær som innebærer at personalet lytter, støtter og utfordrer barn. Barnehagen skal fremme positive handlinger som motvirker avvising, mobbing og vold.

I Leiknes FUS barnehage tyder dette at:

- Me byggjer relasjonar barna i mellom ved å dele i mindre grupper gjennom dagen.
- Ved oppstart av nytt barnehageår har me ekstra fokus på å inkludere nye barn og foreldre i barnehagen. Småbarnsavdelingane har oppstartsmøte i løpet av september.
- På hausten har me tema som vennskap og meg sjølv. Kva heiter du og kven er du? Me blir kjent og trygg i barnegruppa. Me lagar boka mi eller huset mitt med bilete av barnet og familien.
- Me dannar vennegrupper – ut i frå barnegruppa sine behov
- Me har klubb ein gong i veka. Dette er aldershomogene grupper på tvers av avdelingane
- Me har dagsobservasjonsskjema som hjelper oss å gje gode personlege attendemeldingar til foreldra i hentesituasjonar.
- Me nyttar DUÅ (De Utrolige Årene, sjå www.deutroligearene.no), eit utviklingsstøttande program som fremjar positivt samspel mellom barn – og mellom barn og vaksne. Me har utarbeida eit eige DUÅ årshjul for vår barnehage der dei ulike månadane har sine DUÅ hovudtema.

Rammeplanen seier at *Personalet har som rollemodell et særlig ansvar for at barnehagens verdigrunnlag etterleveres i praksis. Refleksjoner over egne verdier og handlinger skal inngå i personalets pedagogiske drøftinger. Barnehagen må systematisk vurdere om egen praksis og barnehagens kultur bidrar til å fremme verdiene som skal ligge til grunn for barnehagens virksomhet.*

I Leiknes FUS barnehage tyder dette i praksis at:

- Rettleiaren *Barns trivsel - voksnes ansvar* er eit reiskap som me vil bruka for å sikra at dette vert gjort.
- Alle tilsette går gjennom eit 8 trinns rettleiingsprogram gjennom barnehageåret (FUS skulen) der m.a. refleksjon rundt verdier og etiske retningsliner står sentralt.

8. Likestilling

I barnehagen vår vil me gje alle like moglegheiter til å vera nyfikne og utvikle dei interessene og ferdigheitane dei ønskjer og søker, uavhengig av kjønn. Me vil legge til rette for at alle kan prøve ulike leiker og materiell ut i frå eigne interesser og ynskjer.

I Leiknes FUS barnehage kjem dette til uttrykk gjennom

- Likestillingssamlingsstunder der me saman med barna undrar oss kring tradisjonelle kjønnsrollemønster. Til dømes forskar me på om fargar, leikemateriell, klede og yrker har kjønn.

- Me les bøker som inviterer til refleksjon omkring likestilling. Til dømes *Hun og han*, *Karsten vil danse*, *Albert Åberg bøker*.
- Barna-sitt-valdag på storbarnsavdeling. Her får barna velje og forme innhald på grupper ut frå egne ynskjer. Gruppeinnhald kan vere: snikkarbod, matlaging, spa-behandling, forming, prinsessegruppe, dansing, legobygging, trening med bruk av kroppen.

9. Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. (barnehageloven §2)

Kultur forstås her som kunst og estetikk, felles adferdsmønstre, kunnskaper, verdier, holdninger, erfaringer og uttrykksmåte. kultur handler om arv og tradisjoner, om å skape og om å levendegjøre, fornye og aktualisere. Ut fra rammeplanen skal vi formidle tradisjoner som skaper tilhørighet gjennom bøker, litteratur, sang og musikk og kreativ virksomhet. Særlig i uteleken og på tur ønsker vi sammen med barna å jobbe med tradisjonelle sangleker, leikarring, regelstyrte leker som har vært brukt i tidligere generasjoner, lokale sanger og historier.

10. Fagområda

Me har 7 fagområde som skal ivaretakast gjennom året. Desse er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk



- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

Me skal arbeide med alle dei 7 fagområda gjennom året. Dei skal tilpassast det enkelte barn, barnegruppa og lokalmiljøet vårt. I tillegg skal alle barn oppleve progresjon innanfor dei ulike fagområda. Det kan samanliknast med skulen; det er viktig at det ein lærer i 2. klasse bygger på det ein lærte i 1. klasse.

Oversikt fagområde og progresjon – kva gjer me innanfor dei ulike alderstega i forhold til fagområde?

| Fag område/ progresjon 2014 - 2016 | Kommunikasjon, språk og tekst | Kropp, rørsle og helse | Kunst, kultur og kreativitet | Natur, miljø og teknikk | Etikk, religion og filosofi | Nærmiljø og samfunn | Tal, rom og form |
|--|---|---|--|--|--|--|--|
| 1 | November September April | Desember Oktober Mai | Januar November | Februar Desember | Mars Januar | April Februar | Mai Mars |
| Å R I N G A N E | Me leikar bokbutikk og kjøper songkort. Me syng namnesongar, <i>Ro ro til fiskeskjær</i> og <i>Trille trille ballen</i> . | Me kjem frå morobutikken (som liknar på sirkus) og leiker slapstick (som går ut på kroppslege signal og herming) | Vi innreder krok/rom som innbyr til matbutikklek | Me leiker bibliotek kor me har dyrebøker. Desse les me i og peikar saman i. | Me leiker dyrebutikk. Her byter me på dei ulike dyra slik at forståing for min og din vert etablert. | Me leikar handelslag et på Hjelmås, og lagar butikkrok der me har frukt og drikke. | På lat handlar me putteleikar i leikebutikken og gjev barna erfaring med ulike formar. |
| 2 | Me leikar bokbutikk og sel bøker til kvarandre. Me les boka <i>Tramp</i> og <i>Line</i> og <i>sparkesykkelen</i> . | I butikkleiken kjøper me dansesko og viderutviklar slapsticken til også å gjelde kråkebolle. Dette syner me som framvisning til naboavdelinga | Barna tegner på bilder av matvarer som de lager til plakater i matbutikkerommet. | Barne lagar dyrebutikk slik at me kan leike at me kjøper dyr. Desse nyttar me til å lage bondegårdsleik. | Me leikar dyrebutikk og steller dyra som er der. Alle må få mat og ein stad å sove. | Me leikar handelslag et på Hjelmås og sel frukt, drikke og pålegg i butikkroken. | Me leikar bokbutikk, kjøper og les teljebøker og vert kjent med teljing. |

| | | | | | | | |
|---|--|--|--|---|---|---|--|
| <p>3 Å R I N G A N E</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar bibliotek. Me låner bøker og lagar høgtlesings stund</p> | <p>Saman tek me del i barnas leikeverd og handlar inn utstyr til leikeakutten. På det viset lærer barna om menneske roppen gjennom deira eigen læringsarena; leiken.</p> | <p>Barna innreder et rom til matbutikk.</p> | <p>Verta kjent med sau og kyr, besøka desse dyra i nærmiljøet. Kva kan ull brukast til? kva matvarer kjem frå desse dyra?</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar dyrlege som tar vare på dei sjuke dyra.</p> | <p>Me lagar rollespel (rolleleik) og leikar ein dag på Handelslag et på Hjelmås. Me har mange ulike kundar og alle er like viktige.</p> | <p>I leikeverda handlar me på klossebutikken. Barna leiker med klossar og får vidare erfaringar med teljing, klassifisering, sortering, samanlikning.</p> |
| <p>4 Å R I N G A N E</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar bibliotek. Der har me ulike typar bøker som me sorterar og kategoriserer.</p> | <p>Me handlar inn matvarer på ekte og på lat, og gjer barna forståing for gode vaner og sunt kosthald.</p> | <p>Barna skal få erfaring med hvilke matvarebutikker vi har i lokalmiljøet. Vi går på let...</p> | <p>Ved at borna får besøka Hillesvåg ullvarefabrikk får dei erfaring med prosessen ull-garn</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar dyrebutikk. Me tek i mot og gjer det fint for nye dyr.</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar ein dag på ullvarefabrikken i Hillesvågen. Der lagar me produkt til både jenter og gutar.</p> | <p>I leikeverda får barna prøve seg som både ekspeditør og kunde i butikken sin, og på det viset skaffe seg erfaring med matematiske omgrep, plassering og orientering.</p> |
| <p>5 Å R I N G A N E</p> | <p>Me leikar bokbutikk og lagar reklameplakat for tre bøker me likar. Bøkene les me høgt til fruktmåltida.</p> | <p>Me har rolleleik som kokk og borna lagar sunn og usunn mat som dei får servera dei andre borna</p> | <p>Skrive plakater og handlelister som de bruker i matbutikken sin</p> | <p>Me lagar butikk der borna får "solgt" ting som dei har laga av ull</p> | <p>Me lagar rollespel og leikar dyrebutikk. Dyra treng reglar for korleis dei skal vere mot kvarandre, me lagar desse</p> | <p>Me lagar rollespel og startar bilverkstad. Det er tungt arbeid så me må samarbeide. Me fiksar både bilar og motorsyklar</p> | <p>I butikkleiken får barna lage mat og skaffar seg erfaring med måleiningar. Vidare skal varene seljast og på det viset får ein kjennskap til tal og teljing, myntar og sedlar.</p> |

11. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen må kunne seie noko om det me planlegg faktisk vert gjennomført, samt om det er kvalitativt bra. Det gjer me kvar månad i månadsskriv ut til alle foreldre og tilsette – me dokumenterer kva me gjer i tekst og bilete. Slik kan du m.a. følgje med på korleis me ivaretek leiken, korleis barn medverkar og korleis me ivaretek fagområda.

I månadsskriva er det personalet som vurderer dei ulike områda under leiing av pedagogiske leiarar. Slik vert vurderingsarbeidet også eit refleksjonsarbeid for dei tilsette – me deler kunnskap og kompetanse.

Dokumentasjonen er såleis å finne kvar månad. I tillegg skal me ein gang i året (mars) også vurdere årsplanen vår. Det vil me gjerne gjere saman med dykk foreldre. Då vil me også be om dykkar vurdering av månadsskriva.

I tillegg vil me høyre med dykk på foreldremøter, i foreldresamtalen og i det daglege korleis dykk opplever barnehagetilbodet. Dette er vesentlege innspel som skal vise oss vegen framover.

Barna i barnehagen er også med å vurdere innhaldet i barnehagen i punktet *Barn sin medverknad*. Dette finn du i kvart månadsskriv gjennom året (sjå pkt under).

Følgande område vil bli vurdert kvar månad (september – mai):

- Visjon, verdiar og hovudmål; korleis arbeider me med dette?
- Språkutviklingsarbeid og eigenleiing.
- Barn sin medverknad
- Omsorg, leik, læring og danning.
- Kosthald og helse (barnehagen nyttar eige utarbeida utviklingsarbeid til dette føremålet)
- Likestilling og likeverd
- Fagområda
- Overgang barnehage – skule
- Prosjekt og lokale kulturelle hendingar

Korleis sikrar me opp at innhaldet i Lov om barnehage vert fulgt opp?
Det er ei stor oppgåve. Likevel legg me til grunn at denne årsplanen er godt forankra i Lov om barnehage. Rammeplanen (forskrift til lova) gjev oss utfyllande informasjon om korleis jobbe heilt ned på situasjons- og individnivå. Ved å vise i årsplanen korleis me vil arbeide har me samstundes vist korleis lova vert ivareteke lokalt hjå oss. Dei månadlege og årlege vurderingane vil vise oss om det er grunnlag for endringar.

12. Samarbeid

Barnehagen ynskjer å ha eit aktivt og meiningsfylt samarbeid med andre. Særleg er dykk foreldre våre næraste på dette området. Me skal dele mykje med dykk, de skal finne ut mykje saman med oss.

Vidare er andre lokale barnehagar og andre FUS barnehagar også nyttige samarbeidsaktørar. Me tek del i ulike nettverk for å forbetre oss og lære av kvarandre. Styrarmøta i kommunen er t.d. ein viktig arena for å få til viktig utvikling lokalt.

FUS har også stor innverknad på oss gjennom ulike støttefunksjonar + FUS skulen. Her vert me m.a. sikra solid kompetansetilføring frå Noregs største private barnehageaktør.

Lokalt vender me oss til nærskulane, ulike delar av Lindås kommune (Miljøretta helsevern, brannførebyggande, Læringscenteret, PPT...), samt ulike nærmiljøaktørar.

13. Overgang barnehage – skole

Leiknes FUS barnehage har fordel av at vi er nærmeste nabo til Leiknes skule. Dette ser vi på som en unik mulighet til å ha et tett og godt samarbeid med skolen. De siste årene har vi hatt mange fine sammenkomster. Førskolebarna blir godt kjent med skolen, med lærerne og mange av elevene før skolestart. Dette er med på å skape en tryggere overgang til skolen.

Barnehagen og skolen har en felles samarbeidsplan som er forankret i de kommunale retningslinjene for overgang barnehage - skole. Det siste halve

året før skolestart har vi aktiviteter med skolen nesten hver måned. Vi begynner året med å få besøk av en lærer som forteller litt om skolen. Andre aktiviteter kan nevnes er SFO-besøk; førskolebarna tar turen bort på SFO, ser hvordan de har det på SFO og blir litt kjent. SFO blir også invitert bort på lekebesøk i barnehagen.

I mars har barnehagen faddertreff i barnehagen. Dette er en av de største begivenhetene og noe både førskolebarna og fadderne ser veldig fram til. Barna blir delt inn i faddergrupper og vi bruker dagen sammen til å bli bedre kjent gjennom lek og ulike aktiviteter. En fadder er en som får i oppgave å ha ett ekstra øye til de førskolebarna de er fadder til den første tiden når barnet begynner på skolen til høsten. Fadder og førskolebarn får treffes flere ganger gjennom dette siste halvåret slik at de får god tid til å bli kjent. Både på skolen, førskoledagene og turer vi har sammen. Dette er med på å skape trygge rammer rundt skolestart.

Videre har vi tur med 1.klasse på deres turområde. For mange av førskolebarna er det ekstra kjekt å hilse igjen på dem som gikk ut av barnehagen året før.

For barn som begynner på andre skoler prøver vi å få til noen sammenkomster med disse skolene, med besøk og lignende.

Lindås kommune sin plan for overgang barnehage – skole.

| Tidspunkt | Tiltak | Deltakarar | Ansvar |
|-----------|---|------------------------|---------------------|
| September | Kartleggja kor mange barn frå ulike barnehagane som skal ta til på dei ulike skulane, senda oversikt til den enkelte skule. | | Styrrar |
| | Registrera barn som ikkje går i barnehage, senda oversyn til skulane. | Helsestasjon | Rådgjevar barnehage |
| Februar | Innskriving Registrering av opplysningar, <u>spørjeskjema</u> : personaldata, matintoleranse, allergiar, medisinar, venstre/ høgrehendt, bokmål /nynorsk, søsken, skyss, skulefagleg kompetanse t.d. kan | Rektor, elev, foreldre | Rektor |


| | | | |
|------------------|--|--|----------------------|
| | skriwa namnet sitt, fargar, bokstavar, tal. Tilmelding til SFO. | | |
| April/mai | Samarbeidsmøte: <ul style="list-style-type: none"> - fora for informasjon om, og forventningar til skule/ barnehage - info om særtrekk for barnehage og skule - læring og læringsplanar i barnehage og skule - nettverk barnehage-skule | Leiarar i skule og barnehage Pedagogar | Skuleeigar |
| Innan 15. mai | Barnehagen får besøk av ein lærar som fortel om skulen, gjerne i lag med nokre elevar. Lærar har møte m/førskulegruppa: <ul style="list-style-type: none"> - læringsøkt m/gruppa - Informasjon om skulen | Lærar og evt. elevar | Styvar |
| Innan 15. mai | Skriftleg dokumentoverføring frå barnehage / skule: <ul style="list-style-type: none"> - samtykkeskjema - info om motorisk, språkleg og sosial utvikling - interesser, behov. | | Styvar |
| Innan 15. mai | Barnehagen besøker SFO ved den skulen dei fleste barna skal gå på - uformelle besøk. | | SFO-leiar |
| Mai/juni | Foreldremøte: <ul style="list-style-type: none"> - info om personalet - fysiske tilhøve - grupper - forventningar til foreldra - rådsorgan | Føresette, rektor, kontaktlærar, sfo-leiar | Rektor |
| Innan 15. juni | Førskuledagar / SFO (1-2 dagar): <ul style="list-style-type: none"> - borna møter fadrane - verta kjend med dei vaksne - verta kjend på huset, uteområde, buss-stopp - lekser, skulearbeid - matøkt, friminutt, ei planlagt økt i SFO | Personalet i skulen og SFO som skal ha elevane til hausten. Fadrar Føresette | Rektor |
| Før oppstart SFO | SFO skal ha ein spesifikk plan for dei 3 fyrste dagane med fokus på dei nye elevane. Informasjon til føresette. | SFO-leiar | Rektor/ SFO-leiar |

14. Kompetanseplan for personalet

Barnehagen ynskjer å ha høg kvalitet på tenestene me leverer. Som FUS barnehage ynskjer me å levere det beste – me skal vere eit førsteval!

Gjeldande forskning seier at barnehagefagleg kompetanse er heilt sentralt i så måte. Me har difor denne prioriteringa vedr. kompetanse:

- + Ein høg del barnehagelærarar
- + Barnehagelærarar med tilleggsutdanning (spes.ped., org. og leiing,...). Det vert oppfordra til mastergradsnivå.
- + Ufaglærte vert oppmoda om å vurdere barnehagelærarutdanning. Her vil det vere eit tak på kor mange som kan gjennomføre samstundes.
- + Alle tilsette får systematisk rettleiing gjennom FUS skulen.
- + Alle tilsette skal kursast i *eigenleiing*. Eigenleiing er FUS kjeda sitt satsingsområde. Denne kan du lese meir om litt tidlegare i planen. Det vil ta noko tid å få alle tilsette ferdigkurser, men avdelingsleiarane og dagleg leiar er komne langt på veg hausten 2014.
- + Forøvrig skal alle tilsette aktivt tileigne seg ny kompetanse gjennom å vere glødande, skapande og tilstadeverande. Me skal alle ta innover oss at barnehagen til ei kvar tid er i endring – og at dette krev mykje av oss.



15. Prosjekt

Denne hausten har me søkt å legge til rette for ein større medverknad frå foreldra på årsplanen. Me har nytta foreldremøta til å drøfte kva me kan arbeide med av t.d. prosjekt. Prosjekt kan vere gjennomgripande og såleis ein bærande metode i arbeid med å fordjupe seg eller arbeide avgrensa med særlege område.

Foreldra sine ynskjer legg me inn i boksen under slik at han kan vere med oss dei 2 neste åra.

Prosjektforslag:

Drama

Dyrespor

Stein

Musikk

Årstider

Skating

Sjøliv og fiske

Snekring

Opparbeide uteområdet saman med barn

Ull – frå sau til genser

Me vil gjerne nytte utval frå det foreldra no har gjeve oss av innspel. Kor mange me klarer å få gjennomført avheng av tid og omfang, men dette vil me evaluere i samband med evaluering av årsplanen.

16. Lokale kulturelle hendingar

Me har også ynskt å få foreldra sin medverknad i arbeidet med å trekke barnehagen inn i aktuelle kulturelle hendingar i nærmiljøet. Me har valgt å ikkje definere kva som er lokalt – det avheng av ulike perspektiv. Såleis var det grunnlag for å tenke høgt og breidt.

Innspela vil me ta med oss når me skal lage god barnehage dei neste 2 åra. I etterkant vil me melde tilbake kva me klarte å få med oss.

Kulturelle hendingar:

Besøke Bygdedyret

Kapellet (jul/påske/anna)

Besøke lokale verksemder (matbutikken...)

Hillesvåg ullvarefabrikk

Besøke Drømmegården

Besøke nyekyrkja i Knarvik

Opplive Myråsen

Til slutt

Denne 2-årsplanen er den første me har laga etter at me vart ein FUS barnehage. Me håpar du finn planen god og meningsfull, og at han langt på veg gjev deg det du ynskjer for deg og ditt barn. Dersom du har kommentarar til planen er det flott om du sender ein epost til dl.leiknes@bhg.no (dagleg leiar). Trekk han gjerne fram i det daglege når du leverer/henter barnet ditt!

Lukke til i barnehagen!

Ove Sæbø

Dagleg leiar

Oktober 2014